



# SIM nytt

1/2009

Mai • Årgang 16



## Rett frå dunken

### Kun ein hundrelapp

På miljøsentralen betalar du kr 100 for å levere opp til 1,5 kubikk avfall og kr 200 for mengder opp til 3 kubikk. Prisane har vore dei same sidan 2006. Hageavfall, farleg avfall, EE-avfall, glas- og metallemballasje og plastemballasje kan leverast kostnadsfritt. Betaling skjer over renovasjonsgebyret.

### Nei takk til reklame

Kontakt SIM dersom du ynskjer å få tilsendt gratis klistrelapp med "Nei takk til reklame" til å ha på postkassen.

### Last ned forskriftene

Forskriftene som gjeld for innsamling av avfall i din kommune kan lastast ned fra [www.sim.as](http://www.sim.as) (velg først "Privat" og deretter "Publikasjonar").



*Stadig fleire kvittar seg med avfall på SIM sine miljøsentralar. Her er det kundehandsamar Olaf Skram som lærer elevar frå Rommetveit skule korleis farleg avfall skal handsamast.*

## 30 000 på miljøsentralen

I fjor hadde me over 30 000 besøk. I år har mange alt vore innom éin gong, og andre er på gang. SIM sine miljøsentralar opplever storinnrykk av folk som ryddar kjellar, garasje eller loft. På miljøsentralen kan du kvitta deg med avfall som du ikkje får plass til i bos-dunkane, eller som du ikkje har lov å kasta der. Leveringsprisane er dei same som i fjor.

Kompostmold og plenblanding kan kjøpast på kvar miljøsentral. Produkta er framifrå som jordfor-betringsmiddel eller topplag på grasplenar og i bed.

Og får du med deg naboane på rydding utandørs, er det berre å be SIM senda sekker til å samla boset i. Kort sagt: Har du spørsmål om avfall, er det berre å kontakta SIM på telefon 53 45 78 50 eller brukा vår nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as)



## Kompostjord og plenblanding til hagen



Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med etterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar. For større mengder kostar det kr. 300 per tonn. Kunden må sjølv ha med tilhengjar. I Svartamoget og på Husnes er det råd å få hjelp til å lessa på tilhengjaren. Dette kostar kr. 75.

### Heimekompostering krev avtale

Ein av fem SIM-abonnentar komposterer matafallet sitt sjølv. Dermed slepp dei å betala gebyr for biodunken og får samstundes grøderik jord til å ha i hage og bed.

Dersom du ynskjer å prøva heimekompostering, må du først ta eit "kurs" i emnet. Dette kan du ta elektronisk på vår nettstad, [www.sim.as](http://www.sim.as). Du kan også be om å få kurset tilsendt i posten.

# SIM sin RYDDEAKSJON 2009 i full gang

Våren er ryddetid og mange vellag, burettslag og andre er i full gang med å rydda nærområdet sitt.

– Me er med på SIM sin ryddeaksjon kvar einaste våren. Dette er eit fint høve til ordna opp her me bur, seier Anne-Brith Husevik i Studalen på Stord.

Ryddeaksjonen varer heile året, ikkje berre nokre veker om våren. Avfallet som vert samla inn må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar. Der kan det leverast kostnadsfritt.

#### Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag og andre grupper av friviljuge som ynskjer å rydda område som andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova (sjå slutten av artikkelen).

#### Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemder
- Arrangør av tilstelling

#### Døme på område som kan ryddast

- Buområde
- Nærrområde
- Turstigar
- Skogsteigar
- Strender som kommunen ikkje har ryddeavtale for

#### Korleis meldar seg på?

Bruk påmeldingsskjemaet på [www.sim.as](http://www.sim.as)

(klikk på "Privat" og vel deretter "Ryddeaksjon (årleg)").

#### Kva skjer etter at søknaden er sendt?

SIM avgjer om tiltaket er innanfor føremålet til ryddeaksjonen. Dersom det er det, sender SIM bossekker til den som er ansvarleg for tiltaket. Dette er spesielle sekker som kun kan nyttast i ryddeaksjonen.

#### Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall. Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå [www.sim.as](http://www.sim.as) for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.

#### Kan skular og barnehagar vera med?

Nei. Skular og barnehagar er kommunale einingar og fell utanom ordninga. Men SIM kan vera med og diskutera løysingar for desse og andre som vil rydda rundt anlegga sine, eller gjera ein ryddejobb for næringslivet.

#### Er det råd å få betaling for å rydda?

Nei. SIM sitt bidrag er å ta imot avfallet og dekka kostnadene med etterbehandling av det.

#### Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlinga. Lova slår vidare fast at det er vegeigar som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon eller liknande



– SIM sin ryddeaksjon er eit godt høve til å få fjelga nærområdet, seier Anne-Brith Husevik.

skal setja opp boskorger på sitt område, sørja for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. Arrangør av tilstelling eller stemne skal sørja for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigalar/etatar har ansvar for det, skal kommunen setja opp boskorger på utfartsstader og andre sterkt besøkte offent-

lege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tömma dei og sørja for at området er ryddig.

#### Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, sender du søknad likevel.

#### Dunkbyte kan ta seks veker

Det kan ta opptil seks veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM kører ”oppsamlingsheat” med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar sjette veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å venta på dunken, kan du henta den sjølv på miljøsentralen. I så fall må du meldu frå til SIM på førehand.



Eivind Hystad er ein av dei som byter dunkar for SIM.

#### Meld frå om manglante tömming

Det hender at bosbilen kører forbi utan å tömme. I slike tilfelle ynskjer me å få melding så snart som råd. Det er enklare å ordna ekstratömming når bosbilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tömmerute. Kontakt SIM Transport på telefon 53 45 66 00.

#### Dunken ut til kl. 06.00

Bosdunken må vera på hentestaden kl. 06.00 på tömmedagen for at du skal vera sikker på å få den tömt. Rutene som bosbilen kører kan verta endra utan førehandsvarsel, og dermed kan du vera ein av dei som får tidlegare tömming enn vanleg.

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmøget  
N-5419 Fitjar



*SIM sine miljømidlar kom godt med då bilen på biletet skulle hevast frå sjøen i Sagvåg.*

## Meld frå om område som treng rydding

Parallelt med ryddeaksjonen som er omtalt på midtsidene, kører SIM ein større ryddedugnad i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

– I denne dugnaden er det ikkje nødvendigvis ”mannen i gata” som skal rydda, seier dugnadsleiar Arild Vik. – Det me først og fremst ynskjer, er at folk melder frå til SIM om område dei meiner treng å ryddast, og som ser ut til å ha manglande rydding i dag.

Deretter vert det SIM si oppgåve å ta saka vidare. Målet er å få bort boset.

– Først og fremst prøver me å finna ut kven som ”eig” boset for å hjelpe vedkomande i gang med oppryddinga. Dersom dette ikkje lukkast, skal me likevel prøva å vera løysingsorienterte med omsyn til å få rydda opp, seier Vik.

Dugnaden er finansiert av SIM sitt miljøfond. Den starta opp i Bømlo kommune i fjar og vart i år utvida til å gjelda alle SIM sine sju eigarkommunar. I år står det ein halv million kroner på ryddekontoen.

Døme på forureining som Arild Vik ynskjer melding om, er bilvrak, villfyllingar og strender. Vik kan treffast på tlf. 53 45 78 50 eller e-postadressa arild@sim.as Les meir om ryddedugnaden på SIM sin nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as)



*– Folk er flinke til å mælda frå om område som treng å ryddast, seier Arild Vik. Det er hans oppgåve å finna ut kven som ”eig” boset.*



## Opningstider miljøsentralane 2009

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmøget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:  
Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.  
Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.  
Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.